

## Referat SMU/SU-møte

Frammøte:

Roy Åge Homme *vara for FAU-leder*, Gunnhild Breivik Rieber-Mohn *lærerrepresentant*, Paul – Willy Setane *representant frå kommunestyret*, Isabell Jørgensen *elevrepresentant*, Julianne Homme *elevrepresentant*, Hedda Skyum *lærerrepresentant*, Anne Aarak *foreldrekontakt*, Andre Martins *vara elevrepresentant*, Kate Bergland Aarak *representant for øvrige tilsette* og Marius Vøllestad *rektor*.

Fråverande: Ingen.

### Konstituering

Marius Vøllestad blir vald til utvalets leiar.

Hedda Skyum blir vald til referent.

Rektor går igjennom saksliste.

Rektor deler ut ei oversikt over brukarmedverknad og ein plan og rutinar for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø.

Kate les planen høgt.

### Rektor informerer om SMU og deler ut rettleiar til nye medlem

Utvalet er til for å styrke samarbeidet mellom skulen og dei ulike områda kring skulen.

### Skulemiljøet – status

*Om ny handlingsplan ved mobbing*

Rektor informerer om at skulen jobbar med å lage ein ny 9A plan for kommunen og skule. Denne skal vere oppdatert.

Det blir presisert at vi må ha eit enda tettare samarbeid med foreldre slik at vi enklare kan unngå mobbing. Det blir fremma ønske om at vi i januar kan ha dette samarbeidet med FAU. Vi skal handle så raskt som mogleg viss det oppstår mobbing.

Vi må lage ein plan over faste møte med foreldre når det oppstår ei mobbesak. Planen må også ha oppfølgingsmøte slik at ein er sikker på at mobbinga har tatt slutt. Her må ein også ha eit evalueringsmøte med foreldre. Det er eit ønske frå FAU at denne planen skal innehalde kva for krav skulen har, slik at dei som foreldre veit kva dei kan krevje av skulen. Det er viktig at handlingsplanen for mobbing omhandlar både mobbeoffer og mobbar. Vidare kjem

vi som skule til å evaluere internt kva vi kunne gjort annleis for å forhindre mobbesaka. Rektor presiserer at det er viktig med openheit kring mobbesaker og at ein fortel open at vi har mobbesaker ved skulen viss dette er tilfelle.

Det blir også ein ny revidering av 9a-delen i heim-skule planen.

Vi har alle eit ansvar om å få eit godt og trygt skulemiljø. Vi veit at foreldre må vere involvert viss vi skal ha ei langvarig løysning.

Det er viktig at det blir tatt opp foreldres rolle i mobbesaker i FAU. Rektor ber om å bli kontakta med ein gong ein høyrer noko som forelder. Dette gjeld også viss eleven viser endring i åtferd eller viss ein er i tvil. Ein skal ha lav terskel for å melde i frå og vi må observere saman. Det er fint å utfordre barn til å vere opne om det som er vanskeleg og vi har eit mål om ein mobbefri skule. Vi har nulltoleranse for mobbing ved skulen.

### *Forslag til tiltak ved mobbing*

Begge elevrepresentantane ønsker meir kartlegging av skulemiljøet gjennom undersøkingar. Dei vil ha anonyme undersøkingar og undersøkingar som ikkje er anonyme.

Rektor seier at han skal lage ei lokal undersøking til vår skule. Dette skal vere ei undersøking der elevane kan kommentere fritt slik at dei får moglegheit til å seie ifrå viss noko gale har skjedd. Dette er sidan utspørjinga i Spekter-undersøkinga er kritikkverdig.

Rektor og kommunerepresentant vil også ha ei ris-og-ros-kasse på kontoret. I denne kassa kan elevane skrive til rektor om det som måtte skje på skulen.

Elevrepresentantane blir spurd om kva anna vi bør tenke på med tanke på mobbing. Dei svarar begge at lærarane bør vere meir oppmerksom ved bruk av airdrop. Her kan nemleg elevar sende bilete og meldingar til kvarandre utan at læraren kan sjå dei.

Rektor seier at han vil ta ein runde i kvart klasserom der han vil snakke om ytringsfridom. Hensikta er at elevane skal forstå kva som er greitt å seie, og kva som ikkje er greitt å seie. Det er viktig at dei lærar å respektere grensene til kvarandre.

Vidare blir skulens standar og rominndeling nemnt som ein negativ miljøfaktor. Det kan fort bli mykje støy i klasseromma og det er lite grupperom. Samstundes er veggane dårleg isolert slik at ein ofte kan høyre igjennom dei. Dette forstyrrar undervisninga. Elevrepresentantane seier også at oppussing er eit sterkt ønske i elevrådet.

Elevrepresentantane nemner også Ipad som eit hinder for større skriveoppgåver. Det er eit sterkt ønske om tastatur eller PC i staden. Dette er sidan det er mykje enklare å skrive fort på eit tastatur, og at ein får mykje betre oversikt over oppgåva ein skriv. IKT-systemet vi nå har på skulen blir også kritisert sidan det er for trengt og at det er for lite minne på Ipaden.

## **Møteplan for året som kjem**

Møta som kjem blir:

Onsdag 11. november, onsdag 20. januar og onsdag 10. mars.

## **Utdeling av årshjul**

Rektor deler ut og vi gjeng igjennom.

## **Gjennomgang av plan for rutinar for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø**

Rektor deler ut og vi gjeng igjennom.

## **Informasjon om arbeidet med plan for heim-skulesamarbeid**

Det blir også ein ny revidering av 9A-delen i plan for heim-skulesamarbeid.

## **Korleis vil SMU arbeide med skulemiljøet?**

Rektor seier at han vil bestille eit foredrag til skulen av Marco Elsafadi. Dette foredraget handlar om korleis ein skal snakke med barna sine. Foredraget er kopla opp mot barns psykososiale miljø. Foredraget blir både for lærarar og foreldre. Elevrepresentant meiner at det er bra å få folk utanfrå.

Elevrepresentantar blir spurt om korleis dei vil betre skulemiljøet. Dei seier at dei vil ha fleire ballar tilgjengeleg og at dei vil spele rugby i friminutta. Dei vil også at kantina skal auke budsjettet til 40 kroner og at skulen bør måle opp «bløtekaka» i skulegarden på nytt. Rektor seier at han prøver å skaffe eit lengre vollyballnett slik at fleire kan spele saman på same tid. Det er søkt om meir midlar til uteområdet.

Elevane ønsker seg også eit skur dei kan plassere syklane sine. Nokre sykklar tåler ikkje så mykje regn og mange av dei har opplevd at sykklar og el-sykklar blir tukla med i skuletida. Uværsskuret blir nemnt som eit forslag.

## **Ordensreglement**

Ordensreglementet blir delt ut og gjennomgått. Kravet om opplada Ipad blir påpekt av foreldrekontakt. Ladarane ved skulen ladar veldig seint og det skjer ofte at elevane ikkje får lada opp heime. Dette støttes av skule- og elevrepresentantar. Det kjem eit forslag om fleire kontaktar i klasserommet slik at elevane også kan lade på skulen. Det blir derfor behov for skøyteleidningar, og det burde ikkje vere eit krav om at Ipadar skal vere opplada ved starten av skuledagen.

## **Budsjettsaker**

Rektor informerer om at dei held på å jobbe med eit nytt forslag til budsjett i kommunen.

Det er kanskje best å vente med budsjettgjennomgang til budsjettet er klart. Dette må vi sjå litt nærmare på neste gong.

Referent

Hedda Skyum